



Truls: Enkelt å melda seg som donor

I programmet Sommertid som denne sommaren går på TV2 var det i går eit lengre innslag med den utflytta uskedelingen Truls Zimmer og ekstremsymjaren Stian Vikra frå Karmøy. Bakgrunnen for dette var engasjementet desse to har vist for Stiftelsen Organdonasjon.



Stian: Hadde symjetur på 45 timar

Stian Vikra har vore mykje i mediabildet siste dagane etter at han sist helg presterte kraftbragden å symje frå Kristiansand over Skagerak og til Danmark. Symjeturen var planlagt til å ta 30 timar, men vanskelege straumtilhøve gjorde at Stian brukte heile 45 timar. Tidlegare har Stian mellom anna sumt over Den engelske kanalen til støtte for Stiftelsen Organdonasjon.

I programmet fortalde han om både førebuingane og gjennomføringa av kraftprøven. Då han fortalde om bakgrunnen for at han starta symjeturane til støtte for Stiftelsen Organdonasjon, fekk saka ein ny link til Uskedalen.

Han fortalde om søskenbarnet sitt, Olav Eik Jakobsen, som hadde hjartefeil og venta lenge på å få nytt hjarte. Då han endeleg vart operert, døydde han kort tid etter. Dette vart starten til Stian sitt store engasjement!

Bestefar til Olav Eik Jakobsen, Einar Eik, kom frå Uskedalen. Han var fødd og oppvaksen på Padlane og hadde ein stor syskeflokk der. Han gifta seg med Haldis og busette seg på Karmøy. Eg hugsar det gjorde sterkt inntrykk her i bygda då han døydde svært ung og etterlet seg kone og barneflokk for ca. 50 år sidan. Ungdomslaget der Bjørgulv Eik var formann, sette i gang innsamling for å hjelpe familien.

Dottera til Einar, Bente, er mor til Olav Eik Jakobsen. Olav og familien var mykje i Uskedalen i barneåra. Stian Vikra er altså søskenbarnet til Olav, men det er på farssida. Derfor slektar ikkje han til Padlane.

I programmet fortalde og Truls Zimmer kor viktig og kor enkelt det er å melde seg som organdonor. Ved å melde seg kan ein faktisk redde 7 liv då kvar einskild har 7 livsviktige organ. Zimmer fortalde at utnyttingsgraden i Norge er høg og kvar donor hjelper i overkant av 4 menneske i snitt. I dag er det om lag 400 som står i kø og ventar på organ.

Det er svært enkelt å melde seg som donor. Ein kan lasta ned ein app og få donorkort på mobilen. Det er gjort på nokre få sekundar og kan redde fleire liv.

Eit tankevekkjande og godt programinnslag var det!

På denne linken kan de sjå video frå den imponerende symjeturen til Stian Vikra: <http://www.karmoynytt.no/2014/07/26/se-mannskapets-egen-video-fra-svømmeferden/>

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ola Matti Mathisen

